

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

EIGARINNSKRIFTER. a. Merkelappar.

[795] N-77606 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 149, 156; 1988b: 17, 22; 1988c: 49f, 60; 1989: 92f, 96; 1990b: 18, 25f; Seim 1989: 340; 1991b: 28; Christophersen 1998: 27).

Innskrift på eigarmerke av tre, 139-140 mm langt, 29 mm breitt og 4-5 mm tjukt. Merket er tilskore slik at det har fått ein spiss ende framom innskrifta og er avbrote i bakre enden. Det har eit bevart brotstykke midt på. Brotstykket omfattar øvre del av dei tre siste runene i innskrifta. Funnet vart gjort i 1981, felt FG i hovudfase 7, som kan daterast arkeologisk til tida mellom om lag 1175 og 1225. Runene står på den eine av breisidene. Innskrifta tek til i den spisse enden der merket får full breidd, og er 55 mm lang. Høgda på runene tilsvarar breidda av merket (29 mm). Øvre del av staven i r. 5 felle saman med kanten i det avbrotne stykket. Elles har r. 6 (**r**) lukka boge. Alt i alt byr innskrifta såleis ikkje på særlege problem med lesemåten:

ᚢ ᚠ ᚠ ᚠ ᚠ ᚠ ᚠ

u f æ i k r a

Ófeigr á. 'Ufeig eig'.

Lydverdien av r. 1 er usikker i denne innskrifta. Reint språkleg kan prefikset oppfattast både som /ó/ og som /ú/ her. Det eine vil innebera normalisering til *Ófeigr*, det andre *Úfeigr*. Namnet skal etter Lind (1905-15: 810) ha vore vanleg i Noreg i vikingtida. Men seinare blir det svært sjeldsynt i kjeldene. Lind har eitt mogleg belegg frå 1100-talet og nokre ganske få seinare, alle med forstavinga *ú-*. Språkleg sett vil former med *ú-* visa bort frå Island. Dei namnegeografiske forholda kring dette namnet saman med ein utbreidd bruk av **u** for /o/ elles i tilfanget med merkelappar gjer likevel spørsmålet om proveniens meir ope. (N796, 798 og 799) frå Trondheim saman med N614, 687, 712, 717, 718, 723, 737, 743, 750 og 752 frå Bergen har bruk av **u** for /o/, eit drag som synest å ha vore spesielt for islandsk runeskrift så seint som dette (jf. Hagland 1989: 92f). Når vi så finn dette draget i skrivemåten av eit namn som namnegeografisk mest sannsynleg lyt plasserast på Island, må sjansen vera ganske stor for at også dette er eit islandsk merke. Normaliseringa ovanfor er gjord i samsvar med ei slik oppfatning. Skrivemåten av diftongen med **æ** tel kanskje i motsett lei. Det bevarte islandske runematerialet elles gir oss lite hjelp til å meina det eine

eller det andre om denne måten å markera diftongen /ei/ på. Men om vi samanheld med ortografisk praksis i hss. med latinsk skrift, vil skrivemåten i innskrifta her helst peika mot Noreg og i så fall vera i godt samsvar med det vi finn i handskrifter frå trøndsk språkområde (jf. Hagland 1978: 52ff). Der ville vi venta å finna prefikset markert med ås-rune i ei så ung innskrift som dette. I alle fall vil skrivemåten med **k** for /g/ her støtta opp om den arkeologiske datering som er gjort av merket.